



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/340-1

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre		

Styrehonorar og møtegodtgjersle for representantskapsmedlemer i interkommunale selskap Vest-Telemark

Saksframlegg godkjent 11.05.2025.

Tone Lunde Skaalen

kst. kommunedirektør

Bakgrunn for saka

Politisk ynskje om oversikt i saka.

Saksutgreiing

Alle interkommunale verksemdar som Tokke kommune vel styrerepresentantar til har styregodtgjersle til medlemene – sjå tabellen nedanfor. I tillegg dekkast tap av arbeidsforteneste og reiseutgifter etter staten sine satsar.

For medlemer av representanskap eller generalforsamlingar er det ikkje tilsvarende godtgjersle i kvart selskap – her er det opp til kvar kommune å honorere deltaking.

Det er representantskapa eller generalforsamlingane som fastsett styregodtgjerslene.

Tokke og Seljord har i sine reglement at kommunen dekkjer ei møtegodtgjersle per møte om verksemda ikkje har styrehonorar på 796 kr (Tokke) og 995 kr (Seljord), men i praksis har alle verksemdar no styrehonorar. I tillegg dekkast tap av inntekt og reiseutgifter.

Dei hine kommunane i regionen har ikkje eigne reglar om styrehonorar.

Verksemd	Styreleiar	Medlem	Varamedlem
Vest-Telemark Kraftlag	100 000 kr/år Nestleiar 61 000 kr/år	55 000 kr/år	3 700 kr/møte
KVITO	50 000 kr/år	30 000 kr/år	2 500 kr/møte

Vest-Telemark næringsbygg	30 000 kr/år + 3 000 per møte	3 000 per møte	3 000 per møte
Renovest IKS	66 000 kr/år + 3 300 per møte	7 920 kr/år + 3 300 kr/møte (nestleiar 11 220 per år)	3 300 kr/ møte
Vest-Telemark brann og redning IKS	45 000 kr/år + 3 000 per møte	12 500 kr/år + 3 000 per møte	10 000 kr/år + 3 000 per møte
VETAKS IKS (kontrollutvalssekretariatet)	3 750 per møte	2 500 per møte	2 500 per møte
Vestfold og Telemark revisjon IKS	46 900 kr/år 20 180 kr/år (nestleiar)	17 560 kr/år	1 390 kr per møte
Kraftkompetanse KO	35 000 kr/år	2 000 kr/møte	2 000 kr/møte
Konsesjonskraftsstyret	45 000 kr/år	20 000 kr/år	2 500 kr/ møte
Fjellab	8,5 % av 1G = 10 500 kr/år	1 % av 1G = 1 249 kr/møte	1 % av 1G = 1 249 kr/møte
Telemarkskanalen Natur- og kulturpark	3 678 per møte	3 678 per møte	3 678 per møte

Tokke kommune har i sitt reglement/forskrift at medlemmer av andre funksjonar som kommunestyret vel politiske representantar til, har rett til ei møtegodtgjersla som i 2025 er på 796 kroner per møte. Denne godtgjersla vil då vere det som valde medlemmer av representantskap til interkommunale selskap og tilsvarande verksemder har krav på.

Det er opp til kvart medlem å levere reisereikning og krevje godtgjersle for kvart møte.

Konklusjon

Styregodtgjerslene i interkommunale verksemder varierer då dei er fastsett av det enkelte overordna nivå (årsmøte/representantskap/generalforsamling) etter skjønn.

Medlemmer av representantskap eller generalforsamlingar får godtgjersle dekt av kommunen som sender dei.

Kommunedirektørens tilråding

Informasjon om styrehonorar i interkommunale verksemder og godtgjersle til medlemmer av representantskap vert teke til vitande.